



Kjell Daltveit
Vevlevegen 176
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/145 - 22/1833

Saksbehandlar:
Kjell Langeland
kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:
02.09.2022

Løyve til utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå hus og hytte

Administrativt vedtak. Saknr: 22/145

Tiltak Saksutgreiing:

Vi syner til din søknad motteke 30.05.2022 .

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for minirenseanlegg på gbnr 82/1-2 Kvandalen 54

I søknden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minirenseanlegg av typen Biovac før utsleppet vert ført vidare [til terreng

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 30.05.2022.

Service avtale ikkje motteke.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 30.05.2022.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N PEH. Anlegget er godkjend etter [NS-EN 12566-3]. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser , jf. forureiningsforskrifta § 12-8/§ 13-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd/§ 13-11 3.ledd.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til infiltrasjonsgrøft.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 30.05.2022.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for minirenseanlegg på gbnr 82/1-2 Kvandalen 54 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP med utslepp til infiltrasjonsgrøft
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
3. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ein kvar tid.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13/§§ 13-6 til 13-16/ eller [kommunenamn] si lokale forskrift frå mindre avløpanlegg jf. § 12-6
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forurensningsloven § 85 annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf.

forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet.

Vedtaket etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf.

forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Med helsing

Kjell Langeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kjell Daltveit

Vevlevegen 176 5281

VALESTRANDSFOSSEN